

# Pedagogisk IKT-plan for Vindafjordskulen

Strategiplan for Vindafjordskulen 2021-2024



## Innhald

1	Innleiing .....	2
2	Lover og forskrifter .....	2
2.1	Kunnskapsløftet 2020 .....	2
2.1.1	Digitale ferdigheiter .....	2
3	Mål .....	3
3.1	Nasjonale målsettingar .....	3
3.2	Måla i kunnskapsløftet .....	3
3.3	Overordna mål for IKT i Vindafjordskulen .....	3
4	Sentrale satsingsområde – digitale kompetanseområde .....	3
4.1	Leiing og rammevilkår .....	3
4.2	Skuleressursar .....	3
4.3	Kartlegging og planlegging .....	4
4.4	Digital kompetanse og pedagogisk praksis .....	4
4.5	Organisasjon .....	4
4.6	Digital dømmekraft .....	4
5	Ansvarsfordeling og organisering av sentrale og lokale IKT-ressursar .....	4
5.1	Organisering av IKT-ressursen .....	5
5.2	Funksjonar .....	5
5.2.1	Kommunal IKT-retteiær/skuleansvarleg for skulane .....	5
5.2.2	IKT-ansvarleg på skulane .....	5
5.2.3	Rettleiande minsteressurs for IKT-ansvarleg på kvar skule .....	5
6	Strategi for implementering .....	6
6.1	Tiltak utan ekstra kostnad .....	6
6.2	Tiltak med ekstra kostnad .....	6
7	Rullering av planens hovuddeler .....	7
8	Verktøy og programvare .....	8
8.1	Verktøy i bruk i dag .....	8
8.1.1	Framtidige verktøy og programvare .....	8
8.1.2	iPad 1:1 .....	8
4.	Kjelder .....	9

## 1 Innleiing

Kunnskapsløftet 2020 har kritisk tenking og etisk bevisstheit som ein av seks verdigrunnlag i opplæringa. Då vert IKT, saman med andre dugleikar, eit viktig satsingsområde for grunnskulen i Vindafjord kommune.

Strategidokumentet peikar og på sentrale utfordringar for vidare satsing på bruk av IKT i skulen fram mot 2022. Strategidokumentet har ein sentral plass saman med «overordna plan» for Vindafjord kommune, og temaet står som satsingsområde i økonomiplanen for 2021-2024.

Digitale ferdigheiter er ein viktig føresetnad for vidare læring og for aktiv deltaking i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Norsk skule skal vere ein føregangsskule i verden med omsyn til bruk av IKT i undervisning og læring.

Eit av måla med denne planen var at alle elevane i Vindafjordskulen skulle ha 1:1 med iPad/PC i løpet av 2020. Etter at planen vart vedteken dukka det opp ei utfordring med ny IOS oppdatering, fleire iPadar enn først antatt vart forelda. Pr. november 2021 er ein ajour med iPad 1:1 på 1.-7. trinn og PC 1:1 på 8.-10. trinn. Midlane i 2022 blir i hovudsak brukt til oppgradering av PC på ungdomstrinn (fortrinnsvis 8. klasse).

Planen blir revidert kvart år av IKT-retteljarane. IKT- skuleansvarleg leiar arbeidet og tek det vidare til skuleeigar. Dette er ein revidert og ny plan med utgangspunkt i planen for 2020-2023. Neste revidering november/desember 2022.

## 2 Lover og forskrifter

### 2.1 Kunnskapsløftet 2020

#### 2.1.1 Digitale ferdigheiter

##### ***Kva er digitale ferdigheiter?***

Digitale ferdigheiter vil seie å kunne bruke digitale verktøy, medium og ressursar formålstenleg og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkt og kommunisere. Digitale ferdigheiter inneberer og å utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk (sjå [pkt 4.6](#) for meir om dette).

Digitale ferdigheiter er ein viktig føresetnad for vidare læring og for aktiv deltaking i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Den digitale utviklinga har endra mange av premissa for lesing, skriving, rekning og munnlege uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheiter ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglege emne. Dette opnar for nye læringsstrategiar, men stiller og auka krav til dømmekraft.

##### **Korleis vert digitale ferdigheiter utvikla?**

Utvikling av digitale ferdigheiter inneber å lære seg å bruke digitale verktøy, medium og ressursar. Vidare inneber det å nytte digitale verktøy, medium og ressursar til å tileigne seg fagleg kunnskap og til å uttrykke eigen kompetanse. I dette ligg det og eit aukande krav til sjølvstende og dømmekraft i val og bruk av digitale verktøy, medium og ressursar som passar til bruksområdet.

## 3 Mål

### 3.1 Nasjonale målsettingar

Nasjonale mål for utviklinga av digital kompetanse finn vi i St.meld. nr. 17 (2006-2007) [Eit informasjonssamfunn for alle](#) (FAD, 2007):

- *Norsk skule skal vere ein føregangsskule i verden med omsyn til bruk av IKT i undervisning og læring.*

Vidare står det i St. meld. Nr. 27 (2015-2016) [Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet](#) (KMD, 2016):

- *IKT-kompetanse og -forskning er ein grunnleggjande føresetnad for digitalisering av Norge. Grunnopplæringa i skulen må difor leggje til rette for kunnskap både om effektiv bruk av IKT og om moglegheiter for å skape noko med IKT.*

Digital kompetanse må stå sentralt i eit utdanningssystem som vil vere innovativt og kvalitetsorientert, og alle må kunne bruke IKT sikkert, fortruleg og kreativt i si kunnskapsutvikling for å kunne meistre informasjonssystemet. Regjeringa legg til grunn at heving av kompetanse innan IKT, og bruk av digitale verkty og tenester, må behandlas i eit livsløpsperspektiv. Brukarens kompetansebehov må ivaretas frå grunnskulen via høgare utdanning, gjennom arbeidslivet, og også omfatte seniorar, pensjonistar, heimeverande og trygda.

### 3.2 Måla i kunnskapsløftet

Læreplanen for Kunnskapsløftet (LK20) har kompetansemål i dei enkelte faga. Her er det presisert kva ein meiner med grunnleggjande dugleikar i faga inklusive det å kunne bruke digitale verkty i kvart enkelt fag.

### 3.3 Overordna mål for IKT i Vindafjordskulen

Dei overordna måla for IKT i Vindafjordskulen er å utvikle digitale borgararar i takt med utviklinga elles i samfunnet. Dei skal bli opplærde til å møte framtida. Programmering og kjeldekritikk er sentrale områder elevane får opplæring i.

## 4 Sentrale satsingsområde - digitale kompetanseområde

Avsnittet handlar om kva Vindafjordskulen må strekke seg etter og dei områda som treng spesiell innsats for å gjere skulane digitalt kompetente.

### 4.1 Leiing og rammevilkår

#### **Mål for Vindafjord Kommune:**

- Skuleleiarar har eit ansvar for at alle lærarane har digital kompetanse.
- Skuleleiarar og lærarar har ei klar forståing for kva ein digital skulekvardag kan vera.
- Den felles IKT-planen for skulane i Vindafjord skal vere eit godt og praktisk retta styringsdokument som gir klar retning og gode rammevilkår for skuleleiarane i arbeidet med IKT i eigen skule.

### 4.2 Skuleressursar

#### **Mål for Vindafjord Kommune:**

- Skuleleiinga rår over tilstrekkelige menneskelige ressursar med høg grad av digital kompetanse (humankapital).
- Skuleleiinga rår over tilstrekkelege økonomiske ressursar til kontinuerleg å kunne utvikle skulen sin digitale kompetanse.

### 4.3 Kartlegging og planlegging

#### **Mål for Vindafjord Kommune:**

- Skuleeigar og skuleleiing skal ha god oversikt over skulen sin digitale status.
- Skulen sin digitale status og behov for utvikling skal komme klart til uttrykk i planverk og budsjettstyring.

### 4.4 Digital kompetanse og pedagogisk praksis

#### **Mål for Vindafjord Kommune:**

- IKT vert brukt i undervisninga når det fremjar læring og er ein naturleg del av undervisning og læring.
- Lærarane har klare pedagogiske strategiar for korleis dei kan utnytte og vidareutvikla elevanes digitale kompetansar innan alle sentrale områder og på tvers av fag.
- Lærarane har gode strategiar for å tilpassa undervisninga til den enkelte eleven sin individuelle ståstad, og for å kunne gi rett hjelp til rett tid i IKT-læringa.
- I aukande grad, avhengig av alder og modning, må elevane få både høve og kunnskap til å velje når og korleis dei skal bruke ulike former for IKT på ein sjølvstendig måte.

### 4.5 Organisasjon

#### **Mål for Vindafjord kommune:**

- Skulen har ein sterk og konstruktiv kultur som fører til at IKT vert nytta pedagogisk og administrativt på ein god og innovativ måte.
- Alle lærarar nyttar IKT/digitale verktøy i undervisninga.
- Skulen har ein etablert delingskultur som innebere at erfaringar og praksis kontinuerleg vert evaluert og utvikla.

### 4.6 Digital dømmekraft

Digital dømmekraft i skulen er veldig viktig. Det omhandlar personvern, opphavsrett og kjeldekritikk. Det finnes reglar og retningslinjer for å ivareta IKT-sikkerheit i skulen. Det vert sagt at denne sikkerheita er 20 % teknologi og 80 % haldningar. Det betyr at den enkelte som jobbar i skulen, må ta ansvar for eigne haldningar og handlingar. I grunnskulen i Vindafjord skal dei tilsette sitt ansvar for bruk av digitalt utstyr der sensitiv informasjon kan lagrast, vera regulert av ein skriftleg avtale. Internett er den største og mest brukte kjelda for informasjon me treng. Desto viktigare blir behovet for å kunne stole på den informasjonen me finn. Elevane skal ha opplæring i kjeldekritikk. Dei skal trenast i gode rutinar for kjeldesøk, lære seg å finne informasjon med god kvalitet og øvast i å vurdere informasjonen.

Temakvelder og anna viktig haldningsskapande arbeid i samarbeid med foreldre/føresette med digital dømmekraft og nettvett på agendaen er viktig å prioritera.

## 5 Ansvarsfordeling og organisering av sentrale og lokale IKT-ressursar

Dette avsnittet tek for seg korleis ein ser føre seg organisering/bemanning av ei sentral IKT-eining og ein lokal IKT-ressurs på den enkelte skulen. Vidare følgjer ansvars- og oppgåveområde for den lokale IKT-ressursen.

## 5.1 Organisering av IKT-ressursen

- Kommunen har IT-eining som server skulane på driftssida. Alle kommunen sine tilsette kan venda seg til IT-service for support på maskin eller programvare.
- Kvar skule har ein eigen IKT-ansvarleg som har oppgåver i tråd med funksjonsskildringa, og deltek i eit nettverk samla i kommunen.
- Skulane har ein IKT-rettleiari som er IKT- skuleansvarleg (40% stilling) som har oppgåver i tråd med funksjonsskildringa.
- Kommunen har eit IKT-råd (består av IKT-ansvarlege på skulane og IKT-skuleansvarleg) som i samarbeid med IT-avdelinga vel programvare (administrative, pedagogiske og spesialpedagogiske program). Dette vert lagt fram for rektorgruppa, som tek endeleg avgjerd.

## 5.2 Funksjonar

### 5.2.1 Kommunal IKT-rettleiari/skuleansvarleg for skulane

- Har ansvar for pedagogisk rettleiing/oppfølging når det gjeld pedagogisk programvare.
- Er kontaktperson for skulane sine IKT-ansvarlege og driftar nettverk for IKT-ansvarlege i Vindafjordskulen
- Har oppfølgingsansvar for kommunen sitt utviklingsarbeid når det gjeld IKT-bruk.
- Tek oppdatering og revidering av grunnskulen sin plan for digital kompetanse.
- Er bindeledd mellom skulane, rektorgruppa, skuleeigar og IT-avdelinga.
- Organiserer kurs og workshops for skulane.
- Er ansvarleg for utforming og oppfølging av IKT-testar/kartleggingar.
- Er supportbrukar og systemadministrator av LMS.
- Er supportbrukar og systemadministrator for Feide.
- Er supportbrukar og systemadministrator for Visma Flyt skule (skuleadministrasjonsprogram).
- Er administrator og kontaktperson for digitale lisensar og læremiddel.

### 5.2.2 IKT-ansvarleg på skulane

- Har ansvar for pedagogisk rettleiing/oppfølging av dei tilsette på skulen.
- Er skulen sin kontaktperson opp mot IKT-skulerettleiari og IT-avdelinga.
- Er deltakar i nettverk for IKT-kontaktar.
- Har i samarbeid med skuleleiinga oppfølgingsansvar for skulen sitt utviklingsarbeid når det gjeld IKT som verktøy.
- Har oversikt over kva program som finst i elevnettlet og informera om dei på skulen.
- Har oversikt over og ansvar for oppfølging av maskinpark og teknisk utstyr for elevane.
- Organiserer kurs og workshops for skulen og kommunen.
- Har administrasjonsbrukar på valde LMS (digital læringsplattform).

### 5.2.3 Rettleiande minsteressurs for IKT-ansvarleg på kvar skule

- Ressurs til IKT-ansvarleg på skular med 1.-7. klasse: 2 timer (á 45 min) i veka + 20.000 kr
- Ressurs til IKT-ansvarleg på skular med 1.-10- klasse: 6 timer (á 45 min) i veka + 20.000 kr

Skulane organiserer dette på ulike måtar. Her er det lista opp ein minsteressurs, som rektor har ansvar for å organisere og administrere.

## 6 Strategi for implementering

For å realisere mål og intensjonar i planen, slik at den digitale kompetansen er i stadig utvikling, trengs det god leiing, styrking og gode strategiar.

Følgjande punkter må følgast opp for å lukkast med dette:

### 6.1 Tiltak utan ekstra kostnad

- Planen vert årleg gjennomgått på rektormøte (sommarmøte).
- Årleg gjennomgang av planen på kvar skule ved rektor.
- Nytilsette blir gjort kjend med skulen sitt arbeid med IKT (ved IKT-ansvarleg på skulen).
- Interne kurs og nettverk for lærarar.
- Kommunal IKT-retteiar (finansiert av skulane)
- IKT-retteiar på skulane med minsterressurs
- Nettverk for IKT-retteiarar
- Alle lærar har sin eigen berbare PC/iPad.

### 6.2 Tiltak med ekstra kostnad

- Det vert arrangert eksterne kurs/workshops for lærarar (både lokalt på skular og på tvers av skular), ved bruk av interne – og eksterne ressursar.
- Rullering når det gjeld innkjøp av PC/iPad. Kva type utstyr ein skal bruke skal ikkje vere låst, men oppe til stadig vurdering. I tabellen under er det lagt inn forslag om kjøp av iPad til 1.-7. klasse og PC til 8.-10. klasse.

Mål	Tiltak	2022	2023	2024
<b>Utstyr for elever</b>  Kvar elev skal ha eigen digital reiskap innan 2022.	Denne fornyast kvart 4.år.	Ølen= 180.715,- (47) Vikedal= 107.660,- (28) Skjold= 184.560,- (48) Reserve 26.915,- (7) Forsikring PC á 600 kr = 78.000 kr Behov 577.850,-  Supplering iPad som er øydelagte/utdaterte på skulane: 190.000,- (38)		Rotasjon kommunalt
<b>Utstyr for lærarar</b>  Kvar lærar skal ha same digitale reiskap som elevane og oppdatert pc til arbeidsverktøy.	Desse fornyast kvart 4.år (7.000,-)			
<b>Kompetanse for lærarar</b>  Læraren skal gi elevane god opplæring i bruk av digitale verktøy.	Grunnopplæring og oppfølging i bruk av digital reiskap i opplæringa.	<b>Behov 230.000,-</b>	<b>Behov 100.000,-</b>	<b>Behov 100.000,-</b>

#### Forklaring til tabellen:

- Skal ein gjennomføre ei så stor satsing som dette er det viktig med god opplæring, og det er då lagt opp til ei grundig opplæring i 2022 for dei lærarane som ikkje har fått det tidligare. Deretter legg me opp til repetisjonskurs og andre nyttige kursdagar og nettverk, der me nyttar interne ressursar i tillegg til eksterne (sjå [pkt 8.1.2](#)).

## 7 Rullering av planens hovuddeler

IKT-strategiplanen for grunnskulen i Vindafjord består av ulike delar, ein strategisk plandel og ein opplæringsplan med minstestandard for elevar og tilsette. Desse delane vil ha ulikt behov for rullering. Det totale plandokumentet må evaluerast eitt år etter den er sett i verk. Denne evalueringa må ta stilling til vidare rullering av delane, kven som skal stå for oppdatering og kor ofte det skal skje. Gruppa som har stått for utarbeidinga av den strategiske delen av planen vert lagt ned når planen er endeleg vedteken.



## 8 Verktøy og programvare

### 8.1 Verktøy i bruk i dag

Det vart i 2020 kjøpt inn skjermar eller andre typer visningsflater til alle skulane. Det viste seg og at det var ein del skular som hadde iPadar som ikkje vert støtta av den nye IOS-oppdateringa, og desse vart prioritert slik at skulane er oppdatert på 1:1 på brukarflate for elevane.

PC-ane som 10. trinn brukar, er utdaterte, og kan ikkje brukast på nytt for 8. trinn. Det vert difor prioritert PC til nye 8. trinn i komande periode.

I tillegg er det lisensar og programvare brukt i undervisning på den enkelte skule. Prisane her vil variere, men ligg rundt 400.000-500.000 kr samla for skulane i Vindafjord. Dette er tenkt finansiert av skulane sitt driftsbudsjett. Har fått støtte på 670 kr pr elev frå sentralt i 2021, og det er kome 186 608 per mars for 2022. Dette etter vedteke Statsbudsjett for 2022.

#### 8.1.1 Framtidige verktøy og programvare

##### 8.1.2 iPad 1:1

[RIKT](#) har hatt opplæring for lærarar i 5.-7. klasse tidlegare skuleår. Det har vore naudsynt med slik opplæring for lærarar, og det er og viktig at dette blir gjennomført i framtida. I tillegg til at RIKT har hatt opplæring med lærarane, har dei og hatt tre opplæringsdagar med elevane.

Det vil vere ulike behov for opplæring avhengig av kva trinn ein er på. Økonomisk vil opplæring med RIKT for alle trinn (fordelt 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn) bli delt på oppvekst sentralt og einingane. Det vert då ein kombinasjon av fysisk og digital opplæring. Det er viktig at me held fram med den metodiske innlæringa, i og med at me har hatt ei så stor investering i utstyr.

## 4. Kjelder

Erstad, O. (2010). *Digital kompetanse i skolen – en innføring* (2. utg.).

Oslo: Universitetsforlaget

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). (2007). *Eit informasjonssamfunn for alle.*

St. meld. Nr. 17 (2006-2007). Oslo: Fornyings og adm.departementet.

Forsknings- og kompetansenettverk for IT i utdanning (ITU). (2005). *Digital skole hver dag – om helhetlig utvikling av digital kompetanse i grunnopplæringen* [Elektronisk versjon].

Oslo: ITU. Lasta ned 04. januar 2017,

[http://www.ituarkiv.no/filearchive/Digital\\_skole\\_hver\\_dag.pdf](http://www.ituarkiv.no/filearchive/Digital_skole_hver_dag.pdf)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). (2016). *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet.* St. meld. Nr. 27 (2015-2016). Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet (KD). (2018) *Beskytt barna mot skadelege innhald på nett.* 18/3261 (05.06.18).